Vesentlig i vår sammenheng er det omfattende tverretatlige samarbeidet som gjennomføres ved at politiet sammen med skolemyndighetene og barnevernet følger opp vanskelige elever gjennom ulike tiltak, som bl.a. koordinerte ordninger.

Justisdepartementet har i samarbeid med Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet gjennomført et prøveprosjekt med skolemekling. Dette prosjektet har gitt meget gode resultater, slik at man nå fortsetter med tiltaket.

Høsten 1998 ble en egen prosjektleder engasjert for å bistå grunnskolene med å innføre skolemekling. Man er nå i full gang med opplæringen av nøkkelpersonell i fylkene. I skolemeklingen møtes skolene og konfliktrådene i et utviklende samarbeid. Meklingen gir elevene ferdigheter i kommunikasjon, konfliktløsning og konflikthåndtering på et tidlig stadium, og er således et godt virkemiddel for gjennom forebygging å bekjempe utviklingen av voldelige konflikter og voldshandlinger.

Oslo politidistrikt gjennomfører også en ordning med at politifolk besøker skolene for å informere om lov og rett. Mange skoler har sin faste polititjenestemann som kan kontaktes når det oppstår konflikter og vold som lærerne ikke kan håndtere selv. Ved en videregående skole der det tidligere var mange voldsepisoder, er det opprettet en fast politipost. Det har allerede gitt positive resultater. Behovet for å opprettholde ordningen vurderes fortløpende. Politimesteren i Oslo legger vekt på at i alt politiarbeid skal man i første rekke tenke forebyggende, dvs. på hvordan man kan hindre at kriminelle handlinger skjer, og hvilke situasjoner som man må unngå for å minimalisere sjansen for lovbrudd. En slik tenkemåte har et helhetsperspektiv og virker grensesettende, bl.a. gjennom holdningsskapende arbeid. Det er ikke noe unntak for skolene i denne sammenheng. Sentralt i dette arbeidet står bekymringssamtalene med barn som har forøvet lovbrudd, som bl.a. trusler, vold og mobbing i skolene.

Også i lovgivningssammenheng arbeides det med forbedringer. Straffeloven § 352 a hjemler forbud mot å bære kniv eller liknende skarp gjenstand på offentlig sted. Jeg mener at det er grunn til å anta at et slikt forbud vil virke forebyggende og hemmende på tilbøyeligheten til å ta med seg kniv, også til skolen. Politiloven § 7 gir politiet hjemmel for å ta farlige gjenstander i forvaring for å avverge eller stanse lovbrudd, og etter § 10 i samme lov kan politiet visitere person som fjernes, anholdes eller innbringes, for å søke etter våpen eller andre farlige gjenstander.

Jeg vil i denne forbindelse peke på at departementet nå arbeider med en odelstingsproposisjon, der det foreslås en ny § 10 a i politiloven. Lovforslaget går ut på at politiet på offentlig sted, i situasjoner eller på steder, hvor vold erfaringsmessig lett utøves, kan visitere en person, når det er grunn til å undersøke om personen er i besittelse av våpen. Etter min oppfatning vil forslaget kunne virke forebyggende når det gjelder bæring av kniv generelt.

Avslutningsvis vil jeg fremheve betydningen av at vi må ha en samordnet innsats for å forebygge og bekjempe volden, også på skolen. Et bredt engasjement fra offentlige etater og frivillige lag og foreninger er en forutsetning for å nå målene.

Dag Danielsen (Frp): Jeg takker statsråden for svaret, og jeg skal understreke at det gjøres mye positivt. En del av de tingene Lilletun nevnte, ser jeg meget positivt på. Likevel finner jeg det nødvendig å understreke alvorret i den advarselen som kommer fra politiavdelingssjef Ola Bakken. Vi har hatt en rekke meget alvorlige episoder i Oslo-skolene på dette punktet.

Siden statsråden berørte dette med at politiet kan ransake ved mistanke om at man har kniv osv., blir mine spørsmål: Vil statsråden gå inn for at også lærerne skal ha adgang til dette, dersom de i en gitt situasjon finner at de ønsker å gjøre det? Vil statsråden også f.eks. vurdere tiltak, slik at man skal kunne utvise elever fra skolen osv.? Hva vil man gjøre på holdningssiden for å innskjerpe holdningene hos elevene til dette?

Statsråd Jon Lilletun: Eg kan utan vidare gje tilslutnad til det representanten Danielsen sa om at det er grunn til å understreke alvorret. Eg skal òg erkjenne at somme gonger når ein svarar, ser ein for seg alle som jobbar og alt arbeidet som vert gjort, og så ser ein at det likevel ikkje er nok, og så ser ein at dette er vanskeleg.

I forhold til dette med at lærarane skal kunne ransake, er eg sterkt tvilande, ut frå at lærarane då vil føle at dei kjem i ein dobbeltsituasjon – ein slags kombinasjon av pedagog og politi. Derimot trur eg at det vi no gjer for å styrkje lovgjevinga elles for å gje politiet større moglegheiter og det samarbeidet som skjer med politiet, likevel vil kunne føre til ein betre situasjon på skulane.

Det vi så gjer vidare, er å setje inn mange haldningsskapande tiltak. Blant anna er den frivillige organisasjonen Nasjonalforeningen for folkehelsen sitt opplegg «Steg for steg», som eigentleg er folkeskikk sett i system, no teke i bruk i 600 skular. Det er noko vi sterkt støttar – òg oppbygginga oppover i klassane. Hittil har det berre vore i bruk opp til fjerde klasse.

Dag Danielsen (Frp): Det gjelder dette med lærernes adgang til å ransake etter kniv. Jeg skjønner at mange lærere der vil føle at de kan komme i en dobbeltsituasjon. Men poenget er at det er mange lærere som ønsker å gå inn og ransake i en slik situasjon. Det jeg hadde håpet at statsråden ville bidra til, var at det åpnes for en slik adgang. Så får den enkelte lærer vurdere der og da om man finner det formålstjenlig, eller om man vil gå til det skritt å innkalle politi osv. Jeg tror isolert sett at det er et meget viktig tiltak, som vil kunne bøte på en del av det problemet man står overfor her.

Statsråd Jon Lilletun: Isolert sett har eg tenkt ein del tankar som går i same retninga, at rett til ransaking kunne vere nyttig. Samstundes er det ein del prinsipielle grensesteinar som er viktige å behalde. Derfor må eg seie at ut frå den kontakten vi har hatt med både skular og pedagogiske miljø, er det mitt inntrykk at det totalt sett er ei stor uro med omsyn til å skulle gå inn i denne dobbelfunksjonen.

I høve til situasjonen no etter tragedien i Sogndal og ein del andre ting, bl.a. visse episodar i Oslo, har vi sagt

at det i forhold til den handlingsplanen som vi ynskjer skal liggje føre i alle skular og alle kommunar, enno er mange manglar. Når vi skal gå inn i dette, vil mitt departement og det departementet eg svarer på vegner av, òg sjå på om det er andre ting vi må revurdere ein gong til. Derfor set eg ikkje ned ein endeleg grensestein i forhold til dette. Men slik eg ser det i dag, er eg ikkje open for det tiltaket, men mange andre tiltak.

S p ø r s m å l 7

Fra representanten Bjørn Hernæs til justisministeren:

«I et brev av 23. oktober 1998 fra Justisdepartementet heter det at «departementet antar at personer som ikke er villige til å etterleve våpenlovens sentrale kontrollbestemmelser etter omstendighetene vil kunne anses å være uskikket til å inneha skytevåpen.»

Betyr dette at enkeltpersoner som ville etterprøve lovligheten i norsk rett, for eksempel i forhold til Grunnloven § 102, vil kunne anses uskikket til å inneha skytevåpen?»

Presidenten: Dette spørsmålet er utsatt til neste spørretime.

S p ø r s m å l 8

Anneliese Dørum (A): Jeg vil få stille følgende spørsmål til kirke-, utdannings- og forskningsministeren:

«Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet har gitt forhåndstilsagn om statlig støtte til et prosjekt om sikte på etablering av et nasjonalt kompetanse- og velferdssenter ved NTNU. Planene om et slikt senter er først blitt kjent etter at forhåndstilsagn om støtte ble gitt fra departementet, slik at berørte parter ikke har fått uttale seg om saken.

Har statsråden tatt med i betraktning at det finnes stor kompetanse på dette området, og har han utredet behovet for et slikt nasjonalt kompetansesenter?»

Statsråd Jon Lilletun: Regjeringa la i fjor haust fram St. meld. nr. 8 for 1998-99, Om handlingsplan for funksjonshemma 1998-2001. Eit av dei prioriterte måla i handlingsplanen er å betre situasjonen for funksjonshemma studentar under utdanning i universitet og høgskule. Av dei konkrete tiltaka i planen nemner eg m.a.:

- Institusjonane vert pålagde å utarbeide handlingsplanar for funksjonshemma studentar i løpet av 1999.
- Institusjonane skal utarbeide informasjons- og rådgjevingsteneste og peike ut ein kontaktperson for funksjonshemma studentar.

NTNU søkte hausten 1998 om midlar til eit eittårig prosjekt som vart kalla «Nasjonalt kompetanse- og velferdssenter – tilknytt NTNU». Prosjektet vart presentert for både Sosial- og helsedepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i møte og i brev. Etter nærare dialog med NTNU gav Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i brev av 23. februar 1999 førehandstilsegn om å støtte prosjektet med 750 000 kr. Sosi-

al- og helsedepartementet gav eit tilskott på 250 000 kr. I tillegg brukar universitetet egne ressursar til prosjektet.

Departementet har i brevet til NTNU konkretisert ein del premisser for tilskottet og er framleis i dialog med prosjektleiinga om dette. Prosjektet skal medverke med kunnskap om tilrettelegging av studiesituasjonen ved universitet og høgskular og gjennom det støtte opp om arbeidet med å utvikle lokale handlingsplanar innanfor sektoren. Det skal hentast inn røynsler frå andre universitet og høgskular på området, både nasjonalt og internasjonalt. Prosjektet skal systematisere informasjonen og skissere moglege løysingar på problem som møter funksjonshemma studentar i ulike fasar av studiet, som t.d. ved søking, opp- tak, studiegang og eksamen. Dette vil vere til hjelp ved utvikling av rådgjevingstenesta ved lærestadene.

Eg har sett prosjektsøknaden frå NTNU som interessant og relevant i lys av handlingsplanen for funksjonshemma. For å oppnå resultat som har stor overføringsverdi til andre universitet og høgskular, og for å dra inn kompetanse og røynsle andre lærestader sit inne med, må det leggjast opp til kontakt og samarbeid med resten av sektoren. Etter det eg forstår, har prosjektleiinga planar om å invitere til eit kontakt- og drøftingsseminar før sommarferien. Departementet har ved gjennomgang av søknaden frå NTNU vurdert korleis prosjektplanane kan tilpassast informasjon, røynsle og kunnskap som finst på feltet i dag. Eg kjenner m.a. til at Universitetet i Oslo i over 20 år har hatt ei eiga teneste for funksjonshemma studentar og gjennom det har utvikla god kompetanse på feltet. Vi treng no på skikkeleg brei front å auke kompetansen når det gjeld å planleggje og tilretteleggje studiesituasjonen for funksjonshemma studentar ved alle høgare institusjonar. Skal vi lukkast med det, treng vi å dra nytte av all tilgjengeleg kompetanse i sektoren.

Representanten Anneliese Dørum spør om eg har vurdert behovet for eit nasjonalt kompetansesenter på dette området. Spørsmålet viser at det gir feil assosiasjonar når prosjektet, som eg ovanfor har kommentert, er omtala som nasjonalt kompetanse- og velferdssenter. Departementet burde nok ha sett dette og teke det opp med søkjararen frå starten av. Det vi her snakkar om, er nemleg økonomisk støtte til eit tidsavgrensa utviklingsprosjekt for universitets- og høgskulesektoren, forankra ved NTNU. Utover dei premissane som er lagde til grunn for tilskottet, er det ikkje gjort konkrete vurderingar i retning av å gje universitetet nasjonale kompetansesenteroppgåver på permanent basis. Fyrst når prosjektet er fullført, vil det verte teke nærare stilling til korleis resultatata og røynslene skal utnyttast og vidareførast.

Anneliese Dørum (A): Jeg skjønner nok at forhånds- tilsagnet er godt ment fra departementets side, men jeg tror at prosjektet er svært lite vurdert og gjennomgått. Jeg kan fortelle statsråden at de funksjonshemmede studentenes organisasjoner går sterkt imot dette prosjektet. De mener at prosjektskissen er rotete og lite informativ, og slik de leser prosjektet, ser det ut som om det planlegges en egen omsorgsgetto for studenter med funksjonshem-

ming, f.eks. tilrettelagte hybler som skal samles i egne boligdeler med egne fellesarealer osv. De viser til at prosjektskissen kaster fram stikkord for arbeidsoppgaver som overhodet ikke kommer inn under ansvarsområdet til et slikt eventuelt kompetansesenter.

Hvorfor har statsråden gått inn for å legge et slikt forskningsprosjekt til NTNU, med så lite erfaring som de har på området?

Statsråd Jon Lilletun: Fyrst ein kommentar til det fyrste. Det er rett at ein del organisasjonar i etterkant har ytra seg skeptisk, men det er på langt nær eintydig. Her er det mange forskjellige vurderingar, og fyrst når prosjektet er gjennomført, vil ein kunne få ei vurdering av innhaldet, og om det har kome fram noko som det er spennande å føre vidare eller ikkje. Derfor trur eg vi skal sjå nyansert på det.

Når det gjeld kvifor denne tilsegna er gjeven til NTNU, er svaret i og for seg enkelt: Vi vil gjere meir på denne sektoren. Vi drøfta dette i heile går, og var samde om at vi skulle vere opne for forsøks- og utviklingsarbeid i dei enkelte institusjonane. Når ein då skal setje i gang eit forsøks- og utviklingsarbeid, kan ein ikkje ha totale høyringsrundar på det i alle andre institusjonar samtidig. Men den dagen det skal etablerast noko nasjonalt, då må ein sjølvstgjort ha det.

Anneliese Dørum (A): Vi er jo i ferd med å bygge ned de nasjonale kompetansesentrene, slik at det å bygge opp et nytt, ville egentlig være i strid med den politikken vi ellers fører.

Vi vet at lærestedene i dag ikke fungerer tilfredsstillende for disse studentene, men det skyldes ikke mangel på kompetanse med hensyn til hvilke tilretteleggingsbehov som finnes. Tvert imot skyldes mangelen på tilrettelegging at de identifiserte behovene på langt nær er dekket gjennom statlige tilskudd og gjennom de rammer som lærestedene har i dag. Det er bl.a. mangel på studielitteratur på lyd, tolketilgang for døve, fysisk tilgjengelighet for bevegelseshemmede, tilrettelagte leseplasser mv. Man trenger ikke noe forskning for å definere behovene, man trenger midler.

Statsråd Jon Lilletun: Det er heilt sikkert rett det representanten Dørum seier, at ein treng meir midlar. At ein treng ein gjennomgang med omsyn til korleis ein skal unngå å lage gettoar, men få til ei god tilpassing ved alle institusjonar, finne fram til metodikk og system for det, trur eg er heilt nødvendig. Derfor kan det ikkje vere slik at kvart enkelt forskingsprosjekt av denne dimensjonen skal gjennom ei nasjonal høyring for å få tilsegn der før vi kan prøve det ut. Men den dagen vi skal etablere om ikkje eit nasjonalt kompetansesenter, men eit nasjonalt nettverk, treng vi slike høyringar.

Når det gjeld nedbygging, er det eit stykke på veg rett det representanten Dørum seier, men vi beheld mange kompetansefunksjonar og nettverksfunksjonar. Det er på ein måte den gamle skuledrifta som vert bygd ned.

S p ø r s m å l 9

Steinar Bastesen (TF): Jeg har et spørsmål til kirke-, utdannings- og forskningsministeren:

«Et utvalg foreslår en total omlegging av de tekniske fagskolene i Nordland. I stedet for undervisning i klasserom forslår utvalget en kombinasjon av fjernundervisning, fellessamlinger og veiledning. Blant annet rammes skipperutdanningen ved Nordland Fiskerifagskole av denne omleggingen. Høringsfristen er satt til en uke, og Sjøfartsdirektoratet, som utsteder sertifikater til skipper, er ikke høringsinstans.

Synes statsråden denne omleggingen vil gi en forsvarlig skipperutdanning i Nordland?»

Statsråd Jon Lilletun: Eg kjenner ikkje detaljane i det forslaget som no er på høyring i Nordland fylkeskommune. Dette er eit utvalsarbeid fylkeskommunen sjølv har initiert og har ansvar for. Eg kan derfor ikkje uttale meg om denne utvalsinnstillinga spesielt, men eg kan gje nokre generelle kommentarar.

At fylkeskommunen søker utradisjonelle løysingar på organiseringa av undervisninga, er i tråd med den utviklinga eg ynskjer når det gjeld å tenkje nytt om tilrettelegginga av opplæringa. At ein fylkeskommune nemner opp utval eller komitear for å greie ut korleis opplæringa kan tilretteleggjast og organiserast for å få eit best mogleg læringsresultat, er etter mitt syn positivt. Bruk av m.a. fjernundervisning og IKT gjer at vi i mange høve kan nå elevar utan at dei treng å reise til sentraliserte lærestader. Opplæringa må sjølvstilt leggjast til rette slik at organiseringa og undervisninga er i samsvar med dei krava som er fastsette i læreplanar, lov- og regelverk, internasjonale konvensjonar og anna som gjeld for utdanninga.

Når det gjeld høringsfristen, synest den noko kort, og det kunne vere naturleg å la Sjøfartsdirektoratet få uttale seg. Utover det tek eg det som sjølvstilt at Nordland fylkeskommune vil sjå til at både nasjonale og internasjonale krav vert fylgde ved ei eventuell omorganisering av dei tekniske fagskulane i Nordland.

Steinar Bastesen (TF): Jeg takker for svaret. Jeg skjønner at ministeren er positiv til nye metoder og til det som foregår når det gjelder utvikling.

Norskekysten er en vanskelig og krevende kyst, med trange farvann, der det kreves både snarrådighet og sjømannsskap. Statsråden forsvarende læreplanen. Etter læreplanen ved den forannevnte fiskerifagskole går bl.a. en stor del av tiden med til å lære å deklamere dikt. Synes statsråden at diktlesing er et egnet virkemiddel i en krisesituasjon på norskekysten?

Statsråd Jon Lilletun: Nei, i ein krisesituasjon vil eg nok seie at eg ser tiltak som ville vere betre eigna enn diktlesing. Eg trur vel at ein i slike situasjonar brukar ordet på eit vis, kanskje inne i seg og til ei høgare makt. Men det aleine er ikkje nok. Ein må sjølvstilt ha kompetanse. Og som eg sa i mitt svar, føreset eg sjølvstilt at ein

tek på alvor at ein òg skal lære det praktiske. Det skal skje ved samlingar. Men eg trur at beste måten innfor alle utdanningsveggar er å få folk frå lokalmiljøa til å ta utdanning. Det er desentralisert utdanning. At ein derfor har eit desentralisert opplegg med nye metodar der ein har IKT og samlingar, trur eg Distrikts-Noreg og Kyst-Noreg kjem til å tene på på sikt.

Steinar Bastesen (TF): Jeg takker igjen statsråden for svaret, og konstaterer at han er enig med meg i at det er andre virkemidler som må tas i bruk enn diktlesing når det står på i trange farvann. Ja, det er vel enkelte som påkaller ikke bare de høyere makter, men også underjordiske makter – om vi skal nevne det.

Men det er urovekkende det som foregår med de læreplanene som man har fått seg forelagt, og som blir forandret gang etter gang uten evaluering. Det skal eksperimenteres, og en skal finne opp hjulet på nytt igjen, for å si det på en teknisk måte.

Vil statsråden ta et initiativ sammen med næringen for å evaluere skipperutdanningssystemet ved fiskerifagskolene for å få en best mulig utdanning av fiskeskipper, for det er det som er viktig for fiskeflåten iallfall?

Statsråd Jon Lilletun: Når ei sak er på høyring, har dei som får saka til høyring, høve til å uttale seg og gje kloke innspel, der ein tek omsyn til dei faglege tinga som representanten Bastesen no påpeiker, som sjølvstilt er viktig å ta vare på, slik at utdanninga vert best mogleg.

Det å endre veldig ofte treng ikkje vere det klokaste ein gjer. Men samtidig trur eg at representanten Bastesen og eg er samde om at når teknologien går framover, gjeld det òg kva ein kystskipperkandidat må lære. Det nyttar ikkje å bruke metodar frå 10-20-30 år tilbake aleine.

Når det gjeld spørsmålet om å ta eit initiativ, er eg sjølvstilt villig til å ta møte med næringa dersom næringa meiner at det her ligg store problem. Eg er villig til å ta møte med kvar næring som meiner at det er viktige ting på kompetansesida dei vil snakke om. Så det er eg open for, dersom det kjem eit initiativ frå næringa om ting som må gjerast.

Elles vonar eg, som ein konklusjon når det gjeld dikt, at representanten Bastesen og eg er samde om at ikkje i krisesituasjonar, men elles er diktet ein viktig del av livet.

S p ø r s m å l 10

Presidenten: Dette spørsmålet, fra representanten Morten Olsen til kirke-, utdannings- og forskningsministeren, vil bli tatt opp av representanten Ane Sofie Tømmerås.

Ane Sofie Tømmerås (A): Jeg vil gjerne få stille følgende spørsmål til kirke-, utdannings- og forskningsministeren:

«En spørreundersøkelse blant lærere og tillitsvalgte i Østfold viser at 64 pst. ikke har vært på etterutdanningskurs i kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering (KRL-faget) i det hele tatt, og hele 76 pst.

mener at de ikke har fått en etterutdanning som gjør dem kompetente til å undervise i det nye kristendomsfaget etter planer og målsettinger gitt i L97.

Hvilke virkemiddel vil statsråden iverksette for å bedre etterutdanningen?»

Statsråd Jon Lilletun: Lærere har ein type arbeid der jamleg oppdatering, både fagleg og pedagogisk, er naturleg og nødvendig. Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering er eit nytt fag i grunnskulen, og det er eit stort behov for kompetanseutvikling for lærere som underviser i faget. Dette stiller oss overfor nye utfordringar med tanke på kvalitet, struktur og arbeidsformer i etter- og vidareutdanninga.

Kommunen er hovudansvarleg for etterutdanning av personalet i grunnskulen.

Det er statens ansvar å gje klart til kjenne overfor kommunane kva etterutdanningsoppgåver som er viktige med tanke på dei nasjonale utdanningsmåla. Det er også statens ansvar å evaluere i kva grad kommunane utfører oppgåvene. Ved større nasjonale utdanningspolitiske reformer, der det ikkje kan ventast at kommunane skal dekkje heile behovet for etterutdanning, tek staten del i finansieringa i reformperioden.

I den planen departementet har når det gjeld kompetanseutvikling knytt til innføringa av læreplanverka for den tiårige grunnskulen i perioden 1996-2000, er kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering eitt av dei fem faga som er prioriterte i heile perioden.

I samsvar med stortingsvedtak om statsbudsjetta har kommunane kvart år fått øyremerkte midlar til kompetanseutvikling. Tildelinga går til delvis dekning av dei utgiftene dei enkelte kommunane har til kompetanseutvikling, i samsvar med kommunal plan godkjend av statens utdanningskontor.

Det er utarbeidd ei rettleiing til læreplanen for faget, som er distribuert til alle skulane. Rettleiinga skal støtte opp under og styrkje bruken og gjennomføringa av læreplanverka ved å peike på moglege tilnæringsmåtar og gje idear og eksempel. Ho skal medverke til at lærarane og skuleleiarane får eit godt grunnlag for arbeidet med kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering.

Departementet har utarbeidd planar for etterutdanning for prioriterte område og for faga. Planen for etterutdanning i kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering vart send universitet, høgskular, statens utdanningskontor og kommunane ved årsskiftet 1996-97. For å medverke til at etterutdanningstilboda får så god kvalitet som råd er, og er relevante for kommunane, tok departementet hausten 1997 initiativet til å etablere nettverk av universitet og høgskular for etterutdanning i prioriterte fag.

Statens utdanningskontor rapporterer det arbeidet kommunane utfører på dette området, i dei årlege tilstandsrapportane, og kompetanseutviklinga knytt til innføringa av læreplanverka er eitt av temaa i den forskingsbaserte evalueringa av Reform 97.

Statens utdanningskontor i Østfold har rapportert om etterutdanninga i kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering at i 1996 gav fire av kommunane

i fylket tilbod med assistanse frå universitet eller høgskule, mens fem kommunar gav tilbod utan slik medverknad. I 1997 gav 16 kommunar tilbod med assistanse frå universitet eller høgskule og ein kommune utan, og i 1998 planla elleve kommunar tilbod med assistanse, ein kommune utan. Det har såleis vore gjeve minimum 38 kurstilbod i 18 kommunar. Dette inneber at alle har gjeve tilbod i kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering, mange av dei to og enkelte tre eller fleire gonger i løpet av dei tre åra verksemda har vore i gang.

Departementet kjenner ikkje til den undersøkinga representanten Morten Olsen refererer til, men eg vil vise til at ikkje alle lærere i grunnskulen underviser i kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering. Planperioden for kompetanseutvikling knytt til innføringa av læreplanverka går ut i juni år 2000, og ikkje alle lærere vil ha vore på etterutdanningskurs i alle fag dei underviser i, då undersøkinga vart gjennomført.

Den fyrste innføringa i faga i dei nye læreplanverka er i avslutningsfasen, og det er viktig å vidareutvikle meir brukartilpassa og fleksible tilbod om etterutdanning og rettleiing i grunnskulen. Informasjons- og kommunikasjonsteknologien og samarbeid om forsøks- og utviklingsarbeid vil vere sentrale verkemiddel.

Fagleg oppdatering med vekt på organisering av innhald, arbeidsmåtar og vurdering vil vere eit prioritert område for etter- og vidareutdanning i grunnskulen år 2000, og departementet tek sikte på å føre nettverka for etterutdanning vidare.

L o d v e S o l h o l m hadde her teke over presidentplassen.

Ane Sofie Tømmerås (A): Jeg takker statsråden for svaret.

Jeg er glad for at han så sterkt understreker statens ansvar og dermed sitt eget ansvar for at vi skal ha kompetente lærere. «Rettleiinga» han så sterkt viste til, kan jeg ikke på noen måte se er nok. Departementet selv har anbefalt modulbaserte planer på 21 timer, og det denne undersøkelsen viste, er at det hittil er under 10 pst. som har fått slik etterutdanning, og også at det kommende år er en forsvinnende liten prosent som regner med at de kommer til å delta i slik etterutdanning. Denne undersøkelsen ble gjort av Lærerforbundet i Østfold og blant de lærerne som faktisk underviser i det nye kristendomsfaget med livssynsorientering, så det dreier seg om folk som til daglig underviser i dette faget. Det at det finnes tilbud nå i alle Østfold-kommunene, er for så vidt greit, men jeg vil gjerne vite hvordan man sikrer at lærerne benytter seg av tilbudet, slik at vi får dem kompetente. (Presidenten klubbar.) Jeg er sikker på at statsråden og jeg kan være enige om at mye av misnøyen rundt dette faget skyldes at lærerne ikke er kompetente nok.

Presidenten: Presidenten er også sikker på at ein skal halde seg innafor taletida – og den er 1 minutt.

Statsråd Jon Lilletun: Det siste er sjølvsagt heilt rett, at representanten Tømmerås og eg er fullstendig samde om at her er det viktig med kompetanse. Det er ein spesielt utfordrande situasjon lærarane er i i dette faget. Det er òg heilt sikkert at ein del av problema vi har hatt, har å gjere med at det vart kort tid til å oppdatere seg kompetansemessig. No er undersøkinga gjort på eit tidspunkt då ca. halvparten av programmet var gjennomført, og ein hadde ein halvpart igjen. Det staten har ansvaret for ved nasjonale reformer, er å overføre midlar og lage planar. Det er gjort. Så har vi eit tilsynsansvar i ettertid, å sjå til at det vert fylgt opp, og det eg kan love representanten Tømmerås, er at vi skal ta det tilsynsansvaret – på ein svært forsvarleg måte – på dei områda som har vore prioriterte.

S p ø r s m å l 1 1

Sigvald Oppebøen Hansen (A): Eg tillèt meg å stille følgjande spørsmål til kyrkje-, utdannings- og forskingsministeren:

«Eg viser til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet sine forskrifter til § 1-1 i opplæringslova som er ute på høyring. Der står det: «Den prosentdelen av tida som skal nyttast til temaorganisert opplæring og prosjektarbeid, gjeld for dei enkelte hovudtrinna samla sett.»

Medfører dette at prosjektarbeid og temaorganisert opplæring blir redusert?»

Statsråd Jon Lilletun: Svaret på spørsmålet er nei.

Forslaget til forskrifter til opplæringslova om dette spørsmålet fylgjer opp Stortinget sitt lovvedtak om binding av fagstoff, arbeidsmåtar og fag- og timefordeling på hovudtrinn og ikkje på årstrinn.

Samla sett vil såleis prosjekt og temaorganisert opplæring ikkje utgjere ein mindre del, men kommunane, skulane og den enkelte lærar får større fridom til å organisere opplæringa og velje arbeidsmåtar innanfor dei enkelte hovudtrinna. Slik sett skulle dette på ein god måte fylgje opp det vi var samde om i stor grad i debatten i går, at det var nødvendig å finne fleksible ordningar for å gjennomføre måla i læreplanen.

Sigvald Oppebøen Hansen (A): Eg takkar statsråden for svaret.

I læreplanen for grunnskulen, Reform 97, står det at innafør småskuletrinnet, dvs. 1. – 4. klasse, skal minst 60 pst. av den samla tida vere temaorganisert opplæring eller prosjekt, med særleg vekt på dei to første åra. Når det gjeld mellomsteget, skal minst 30 pst. av tida nyttast til dette kvart år, og når det gjeld ungdomstrinnet, minst 20 pst. Læreplanen er forskrift og etter mi meining bindande. Så kjem forskrifta til opplæringslova, der det blir lagt opp til at læreplanens krav om prosjektarbeid skal settast ut av drift. Det statsråden seier, er altså at prosentdelen ikkje skal gjelde kvart år, men samla for trinnet. Det vil etter mi meining seie ein reduksjon. Er det slik at statsråden nå med si forskrift vil oppheve det som er bestemt i læreplanen?

Statsråd Jon Lilletun: Eg er ikkje samd med representanten Oppebøen Hansen i at dette er ein reduksjon. Det er ein fridom til å ta meir prosjektarbeid/ temaarbeid eitt år og noko mindre neste år, men i sum på steget skal det verte likt. Så dette er godt i samsvar med det eg oppfatta det var stor semje om, at ein skulle ha tillit til at den enkelte lærar faktisk var i stand til å nå desse måla.

Når det gjeld dette med læreplanen og forskrift, slik den førre regjeringa vedtok at det skulle vere, har veldig mange lærarar følt det som vanskeleg. Det er svært mykje å gå igjennom, og då klarer ein ikkje å fylgje opp det med tema- og prosjektarbeid. Det eg har sagt, er at eg vil ha ein prosess i lag med lærarorganisasjonar, foreldre og elevlar, for eventuelt å løyse opp dette som bindande forskrift. Det kjem eg tilbake til.

Sigvald Oppebøen Hansen (A): Nå er det slik at det i Aftenposten for nokre dagar sidan kom fram at det er eit problem at det er for lite prosjektarbeid i skulen, særleg da på ungdomssteget. Eg har registrert at statsråden er samd i det.

Når statsråden nå seier at lærarane oppfattar det som var intensjonen i læreplanen for grunnskulen, Reform 97, som vanskeleg, trur eg det skaper forvirring. Eg held meg til den vedtekte læreplanen for den tiårige grunnskulen, og det står òg innleiingsvis i departementets utkast til forskrift at dei held seg til den læreplanen. Da synest eg det som nå ligg i forskriftskastet, bryt med den intensjonen som er trekt opp i læreplanen.

Eg vil spørje statsråden om han vil gå tilbake på dette, slik at temaorganisering og prosjektarbeid blir i tråd med læreplanen for grunnskulen, som er vedteken av Stortinget.

Statsråd Jon Lilletun: Denne forskrifta er ei oppfylgging av den oppmjukinga som Stortinget gjorde i samband med behandlinga av opplæringslova. Ein skulle kunne sjå på tvers av årstrinnet, altså sjå på dette samla sett over nokre år. Det er det vi fylgjer opp her, og det vil eg sjølvsagt ikkje gå tilbake på.

Når det gjeld dette med at det er for lite prosjekt- og temaundervisning, er vi samde om det. Men i omtrent all kommunikasjon med Skule-Noreg om kvifor det er slik, er eit av dei vesentlege svara ein får at stoffmengda i læreplanen, som samtidig er forskrift, er så stor at ein ikkje rekk gjennom alt. Då synest eg det er grunn til å gå inn og sjå på om det er det som har gjort at vi ikkje har greid å fylgje opp innhaldsreforma i Reform 97 i tilstrekkeleg grad – spesielt på ungdomsskulesteget. Det arbeidet kjem eg til å føre vidare.

S p ø r s m å l 1 2

Per Roar Bredvold (Frp): Jeg ønsker å stille samferdselsministeren følgende spørsmål:

«Ifølge en undersøkelse utført av SINTEF er det svært mange bilulykker hvor personbiler har kommet over i motgående kjørefelt, hvor bilen er ført av bilister som prøver å ta sitt eget liv. Dette er jo ulykker som rammer uskyldige og som regel lastebilsjåførere.

Hvordan ser statsråden på dette, og ser han mulige tiltak som kan redusere antallet slike ulykker?»

Statsråd Dag Jostein Fjærvoll: Alle ulykker med alvorlig skade eller dødsfall er en tragedie for dem som rammes, enten det er de forulykkede eller deres nærmeste.

For å bedre kunnskapsgrunnlaget som gjør oss i stand til å utforme effektive trafikksikkerhetstiltak, får Statens vegvesen og Samferdselsdepartementet utført en rekke undersøkelser knyttet til trafikksikkerhet. Undersøkelsen ved SINTEF, som representanten Bredvold henviser til – Dybdeanalyse av møte- og utforkjøringsulykker på rette strekninger i 80- og 90-soner med død eller alvorlig skade – er kommet i stand gjennom et samarbeid mellom Vegdirektoratet, en rekke lokale veikontorer og Norges Lastebileier-Forbund.

Hendelsesforløpet for den typen ulykker som er analysert i undersøkelsen, er ofte meget uklart. I dybdeundersøkelsen tas det utgangspunkt i et lite antall ulykker som studeres meget grundig, gjennom intervju av førere eller andre berørte og politiets saksdokumenter.

Undersøkelsen har avdekket en rekke forhold som Statens vegvesen i samarbeid med andre trafikksikkerhetsaktører vil se nærmere på. Statens vegvesen vil nå innkalle de impliserte veikontorene og Norges Lastebileier-Forbund til et møte for å diskutere tiltak for å redusere slike alvorlige ulykker. På dette møtet vil også helsemyndighetene, som er sentrale spesielt med hensyn til selvmord som ulykkesårsak, inviteres til å delta.

Jeg ønsker derfor ikke nå å peke på de konkrete tiltak som er aktuelle i den forbindelse, men deler representanten Bredvolds bekymring for denne typen ulykker og vil påse at rapporten blir fulgt opp.

Per Roar Bredvold (Frp): Jeg takker statsråden for svaret, som egentlig ikke var noe svar på mitt spørsmål. Jeg takker samtidig statsråden for at han vil påse at rapporten blir fulgt opp.

Temaet som spørsmålet tar opp, er og har vært et stort problem i mange år for dem som driver i transportbransjen, ved at de påfører skader som de er uforskyldt i. Dette har også en psykologisk effekt som kan bli et stort problem, samt at det påfører bransjen et ry som den ikke fortjener. Derfor er undertegnede glad for at undersøkelsen ved SINTEF bekrefter noe mange har ment, men ikke har kunnet bevise. Dette er noe statsråden bør og må ta alvorlig. Man må prøve å iverksette tiltak som kan redusere antall ulykker. Derfor er det viktig at tiltak blir iverksatt snarest.

Vil statsråden bekrefte at dette vil få en høy prioritet, eller vil det bare være en sak blant mange andre?

Statsråd Dag Jostein Fjærvoll: Statsråden kunne selvfølgelig ha gått inn på detaljer i rapporten. Han kunne ha listet opp en rekke tiltak som kan være aktuelle, men det ville være galt tidspunkt å gjøre det på, siden det skal finne sted et møte med helsemyndighetene og berørte parter, som referert til tidligere. Som et resultat av det møtet er det naturlig å gå videre.

Statsråden kan bekrefte at han tar dette meget alvorlig, og at det er høyt prioritert så vel i Statens vegvesen som i Samferdselsdepartementet.

Per Roar Bredvold (Frp): I sitt første svar sa samferdselsministeren at det var et lite antall ulykker. I rapporten er det nevnt 26 ulykker, og i 11 er det bevist at det var selvmordskandidater, altså nesten 50 pst. Da er vel antallet forholdsvis stort, når en samtidig vet at rapporten omfatter kun sju vegkontorer.

Statsråd Dag Jostein Fjærvoll: Begrepet «lite» er relativt. Det som var viktig for meg å understreke, var at det er et begrenset antall ulykker som er gjennomgått så i detalj som rapporten har omtalt, og vi har derfor behov for å se dette i en bredere og større sammenheng. Jeg prøver ikke på noen måte å bortforklare eller bagatellisere alvoret i rapporten.

S p ø r s m å l 1 3

Petter Løvik (H): Eg tillèt meg å stille følgjande spørsmål til samferdselsministeren:

«Som svar på skriftleg spørsmål nr. 265 (1998-99) seier samferdselsministeren: «Det vil ikke bli foreslått en utbygging av Eiksundsambandet for Stortinget før resultatet av fylkets prioriteringer er avklart.» Fylkestinget i Møre og Romsdal har diskutert og prioritert Eiksundsambandet fleire gonger, seinast i april 1999.

Kva slags nye prioriteringar ventar statsråden på?»

Statsråd Dag Jostein Fjærvoll: Som påpekt i skriftlig svar av 5. mai 1999 til representanten Petter Løvik, vil det ikke bli foreslått en utbygging av Eiksundsambandet for Stortinget før fylkeskommunen har tatt endelig stilling til hvilke prosjekter som skal prioriteres i transportplanen for 2002-2011.

Eiksundsambandet er kostnadsberegnet til 730 mill. kr, hvorav 600 mill. kr skal finansieres med statlige midler. En utbygging av sambandet i neste planperiode vil ta en stor del av riksvegmidlene i fylket og dermed medføre at andre riksvegprosjekter som også er prioritert av fylkeskommunen, må utsettes.

I sin behandling av Utfordringsdokumentet for Nasjonal transportplan den 1. mars i år understreket fylkesutvalget behovet for en raskest mulig oppstart av Eiksundsambandet etter år 2000. Fylkesutvalget understreket samtidig at planleggingsrammen til riksveginvesteringer er for lav og krevde at rammen må økes betydelig.

Departementet vil ta opp med Møre og Romsdal fylkeskommune på en dertil egnet måte nødvendige avklaringer på fylkeskommunale prioriteringer og vurdering av de vedtak som er gjort.

Petter Løvik (H): Eg takkar for svaret.

Eiksundsambandet er ei svært viktig sak for å skape ein allsidig arbeidsmarknad på Søre Sunnmøre. Svaret eg fekk på skriftleg spørsmål i førre veke, at statsråden ventta på fylket sine prioriteringar, har, som ein kunne vente,

(Løvik)

skapt svært stor forundring i Møre og Romsdal, for å seie det mildt. Stortinget har godkjent førehandsinnkrevjing av bompengar for dette prosjektet, og prosjektet er prioritert på topp av nye prosjekt i Møre og Romsdal gong etter gong. Då er det grunn til å spørje statsråden: Har ikkje statsråden pr. i dag nok grunnlag til å gi eit råd, eit ja eller eit nei, til dette prosjektet, slik at ein veit kva ein har å halde seg til? Så kan ein få dette inn etter kvart som vi eventuelt får større rammer i åra framover.

Statsråd Dag Jostein Fjærvoll: Etter tolv år på Stortinget og fire år i kontroll- og konstitusjonskomiteen på Stortinget er jeg opptatt av at de tall som presenteres for denne forsamling, både er troverdige, er korrekte og kan følges opp. Det vil også være min linje i arbeidet framover med Nasjonal transportplan.

Jeg er helt enig i viktigheten av Eiksundsambandet. Saken Eiksundsambandet ligger i dag i Vegdirektoratet og vil selvfølgelig med tiden også komme til departementet. Dette som jeg nå har redegjort for, både i skriftlig svar og i muntlig svar i dag, er ikke noe spesielt eller eget for Møre og Romsdal og Eiksundsambandet, men vil gjelde flere fylker og uklarheter med hensyn til prioriteringer av enkeltområder innenfor planrammen. Departementet og jeg har forståelse for de vanskelige prioriteringer som fylkeskommunen må gjennom. Sentralt står vi overfor store oppgaver og stramme rammer. Det er derfor vi må ha prioritering på alle nivå.

Petter Løvik (H): Det ligg føre ein hovudplan. Det ligg føre reguleringsplanar. Det ligg føre prioriteringar, lokalt og regionalt. Trur ikkje statsråden at innbyggjarane, næringsliv og politiske styresmakter i Møre og Romsdal meiner alvor med desse prioriteringane? Er det slik, som statsråden seier, at dei tala som er framlagde for Eiksundsambandet, ikkje er truverdige? Skal formalprosedyre utsette dette viktige prosjektet, eit ja eller nei til det, i eit år til, eller er det slik at statsråden i grunnen ikkje ønskjer at dette sambandet skal realiserast?

Statsråd Dag Jostein Fjærvoll: Statsråden ønsker at sambandet skal realiseres. Statsråden tror at Møre og Romsdal mener alvor. Møre og Romsdal fylkeskommune er troverdig. Men alle saker har et visst løp de skal igjennom, og jeg prøvde i hele går kveld å forklare for dem som var til stede og fulgte debatten, at nå holder jeg på å pakke opp flere av disse pakkene som er underveis til departementet, for å se hvilke bindinger de inneholder. Når Eiksundsambandet naturlig kommer fra Vegdirektoratet til departementet, vil det bli undergitt behandling på ordinær måte. Ingenting vil bli forsinket, men jeg vil at de tall jeg legger fram for Stortinget, og de presentasjoner vi gjør av prosjekter i framtida, skal ha stor troverdighet. Det er mitt utgangspunkt, og det gjør at jeg har behov for å gå inn og se konkret på en del prosjekters innhold. Men igjen: Jeg er positiv til Eiksundsambandet.

S p ø r s m å l 1 4

Gunnar Halvorsen (A): Jeg har et spørsmål til samferdselsministeren:

«Mobiltelefonoperatørene selger mobiltelefoner med såkalte kontantkort. Ett av selskapene selger telefoner uten at de blir registrert på noen juridisk person. Telefonene selges til «hvem som helst».

Er dette betryggende ut fra personvern og samfunnsinteresser?»

Statsråd Dag Jostein Fjærvoll: Salg av kontantkort uten registrering reiser en rekke spørsmål i forhold til personvern og andre samfunnsinteresser. Hvordan et slikt salg stiller seg i forhold til gjeldende telekommunikasjonsregelverk, er for tiden til vurdering i Post- og teletilsynet. Tilsynets oppfatning forventes oversendt Samferdselsdepartementet i løpet av kort tid.

Samferdselsdepartementet vil på dette grunnlag vurdere saken. Hensynet til personvern og andre samfunnsinteresser ved salg av kontantkort vil da bli nøye vurdert.

Gunnar Halvorsen (A): Jeg takker for svaret.

Jeg tror man først kan slå fast at kontantkort i grunnen er en grei ordning, for man får liksom styring over økonomien, man vet hvor mye penger man har på kortet. Så det er ikke det systemet jeg vil til livs, men dette at man snart kan gå inn i en hvilken som helst butikk og kjøpe en telefon uten at man behøver å registrere seg som en juridisk person. Da brukes denne telefonen faktisk til å terrorisere enkeltmennesker. Man kan spore opp hvem som har ringt, man kan få tak i nummeret, man kan få en nummerviser eller hva man vil, på telefonen, men man greier altså ikke å få tak i hvem som er personen bak slike handlinger, og politiet mister svært mye av de elektroniske sporene som i dag er blitt viktige for politiet for å spore opp de tungt kriminelle. Dette kan ikke være en riktig utvikling. Jeg vil derfor spørre samferdselsministeren om han er enig i at vi må få en nøye gjennomgang av dette.

Statsråd Dag Jostein Fjærvoll: De punktene som representanten Halvorsen nå gjennomgikk, er de viktige og essensielle punktene i den vurderingen som nå gjøres. Post- og teletilsynet har som oppgave å gjennomgå regelverket og gi tilråding til Samferdselsdepartementet i neste omgang.

Jeg vil, som jeg sa i mitt første svar, følge dette opp, og saken vil bli nøye vurdert når innspillet fra Post- og teletilsynet er kommet til departementet. Og la meg føye til for egen regning: Jeg ser helt klart de problemstillingene som Halvorsen har reist, og er opptatt av at vi kan finne en løsning som tjener samfunnet, og som tjener enkeltpersoner.

S p ø r s m å l 1 5

Terje Knudsen (Frp): Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til samferdselsministeren:

«Om ett år skal Stortinget vedta Nasjonal transportplan og legge rammene for transport 12 år frem i tid. Bla-

det Samferdsel nr. 3 1999 har en artikkel som beskriver jernbaneprosjekt som vil gi reisetid mellom Østlandet og Vestlandet som er kortere enn via fly fra bysentrum til bysentrum.

Vil statsråden ta initiativ til at tallmaterialet blir gjennomgått for prosjektet høyhastighetstog over Haukeli, slik at Stortinget kan se om dette kan være aktuelt å satse på?»

Statsråd Dag Jostein Fjærvoll: Jeg vil innledningsvis vise til tidligere samferdselsminister Dørums skriftlige svar av 16. februar 1998 på spørsmål nr. 74/1998 fra representanten Hallgeir H. Langeland.

Av dette svaret framgår at prosjektet Haukelidbanen verken er prioritert i Norsk jernbaneplan 1998-2007 eller er innpasset i de kriteriene som jernbaneplanen bygger på om hvor det først og fremst skal satses på jernbane i årene framover.

Den overordnede strategien som er lagt for den videre utviklingen av jernbane i Norge gjennom Norsk jernbaneplan 1998-2007, vil kreve betydelige statlige bevilgninger, også utover den tiårsperioden som gjeldende plan omhandler. Som også de tidligere samferdselsministrene Opseth og Dørum har uttalt, er det derfor uaktuell politikk for staten nå å engasjere seg i omfattende utredningsarbeid og planlegging av helt nye banestrekninger.

Prosjektet Haukelidbanen vil eksempelvis være et betydelig større økonomisk løft enn den nye hovedflyplassen på Gardermoen, inklusiv Gardermobanen, eller om lag fem ganger så stort som det planlagte nye dobbeltsporet Skøyen-Asker, og ville, dersom det skulle finansieres over statsbudsjettet, binde opp alle midler til jernbaneinvesteringer over en 20-25 årsperiode dersom en legger dagens statlige investeringsrammer til grunn.

Dersom det skulle fremkomme vesentlig nye momenter i denne saken utover det som tidligere er mottatt i departementet, vil jeg imidlertid ikke motsette meg at spørsmålet om å utrede Haukelidbanen nærmere, vurderes på nytt. Jeg er imidlertid ikke kjent med at det foreligger slike nye opplysninger nå.

Terje Knudsen (Frp): Jeg takker statsråden for svaret. Men statsråden viser til eksisterende politikk – Norsk jernbaneplan, som ble vedtatt i juni 1997, og skal være i politikken fram til og med 2007. Nasjonal transportplan ser enda lenger fram, til 2012.

NSB sier at togene skal bli best på mellomdistansene, Oslo-Voss, Oslo-Dombås, Oslo-Sira. Haukelidbanen vil bli best mellom byene Bergen-Oslo og Haugesund-Oslo.

Mellom de tre store vestlandsbyene og hovedstaden reiste det i fjor 2,6 millioner flypassasjerer; togene fraktet bare en tjuedel.

